




STRYN KOMMUNE

Stryn 2035
**RAPPORT FRÅ
FRAMTIDSØTA**



Innhold

1.0 Innleiing	3
2.0 Utvik	4
2.1 Hovudtrekk	4
2.2 Utfordringar	5
2.3 Moglegheiter	6
3.0 Innvik	7
3.1 Hovudtrekk	7
3.2 Utfordringar	8
3.3 Moglegheiter	9
4.0 Olden	10
4.1 Hovudtrekk	10
4.2 Utfordringar	11
4.3 Moglegheiter	12
5.0 Loen	13
5.1 Hovudtrekk	13
5.2 Utfordringar	14
5.3 Moglegheiter	15
6.0 Oppstryn	16
6.1 Hovudtrekk	16

6.2 Utfordringar	17
6.3 Moglegheiter.....	18
7.0 Nordsida.....	19
7.1 Hovudtrekk.....	19
7.2 Utfordringar	20
7.3 Moglegheiter.....	21
8.0 Stryn.....	22
8.1 Hovudtrekk.....	22
8.2 Utfordringar	23
8.3 Moglegheiter.....	24
9.0 Avslutning	25

1.0 Innleiing

I heile april vert det gjennomført ulike medverknadsprosessar for å få innspel til kommuneplanen sin samfunnsdel. Ein av desse prosessene var så kalla «framtidsmøte» i bygdene. Framtidsmøta vart gjennomført på 7 ulike plassar i kommunen: Utvik, Innvik, Olden, Loen, Oppstryn, Stryn og på Nordsida. På framtidsmøta sat ein gruppevis og diskuterte utfordringar og moglegheiter for framtida og forsøkte å sjå for seg korleis ein ønskja at Stryn skulle vere i 2035.

Det var til saman 382 innbyggjarar som stilte på møta. På møta var det gode diskusjonar – både på gruppene og i plenum. Det vitnar om at innbyggjarane i Stryn kommune bryr seg om framtida!

I denne rapporten blir hovudtrekka frå kvart framtidsmøte presentert, med ordskyar for moglegheiter og utfordringar ut i frå kva som ble skreve ned på arket til gruppene på møta.

2.0 Utvik

2.1 Hovudtrekk

1 Bustader, areal og tomter: Det er mange gamle hus, lite tilrettelagt for eldre. Mange tome hus. Må tilgjengeleggjere tomter og bustader. Folk må få nytte areale sitt slik at ein kan bu og byggje. Kartlegge moglege tomter og bustader. Få inn bustadareal i plan, og sørge for oppdaterte planverk. Kommunen og samfunn må vere medspelarar for å finne gode løysingar. Bygdelag kan vere mellomledd mellom kommune og bygdefolk. Bistå private som vil leggje ut tomter. Tilgjengeleggjere tomter og bustader. Innføre buplikt? Selje tomme hus. Gjere det enklare å byggje livsløpbustader. Folk må få nytte eigedommen sin slik dei vil – ein bur ikkje i storby her. Byggje massebasseng for å friskmelde område. Det må vere moglegheit for å nytte strandsona.

2 Arbeidsplassar: Leggje til rette for nye bedrifter/arbeidsplassar. Nytte Dooriabyggjet til noko her. Kan mellom anna etablerast fleire små bedrifter her. Heimekontorløysing. Har vi næringsareal og tilbod til etablerarar kan det føre til tilflytting.

3 Bulyst, tilflytting og å oppretthalde tilbod: Framsnakking av bygda. Skape møteplassar, fleire leikeplassar. Oppretthalde tilbod (helse og oppvekst). Ha barnehage og skule i Vikane. Samarbeide betre bygdene imellom. Kulturskulen inn i skuletida. Meir fleksibel skulekvardag, leggje betre til rette slik at ein slepper å reise til og frå over lange avstandar fleire gonger for dagen. Dei kommunale vegane er viktig for å sikre tilkomst, og for å oppretthalde dei desentraliserte helsetenestene. Nærbutikken er en viktig faktor for trivsel.

4 Turisme: Tilretteleggje betre for at turistar skal stoppe i Utvik. Ladestasjonar, offentlege toalett, dusjmoglehete. Bubilparkeringar langs fjorden. Karistova. Fleire overnattingsmoglehete. Kafe og butikk. Stisykling og turmoglehete. Informasjonsskilt. Kan kommunen bistå til t.d. utleige av kajakk/andre tilbod. Utvikle båthamna. Anløp av cruisekai nr 2? Skipe ut tømmer m.m.

2.2 Utfordringar



2.3 Moglegheiter



3.0 Innvik

3.1 Hovudtrekk

1 Bustad, areal og tomter: Få fleire bustader, bustadtomter. Kommunale bustadfelt. Tilretteleggje for tilflytting. Flaumsikring av Storelva. Viktig med gang og sykkelveg. Oppfordre huseigarar til å selje tomme hus. Godkjenning av påbegynte tomter. Venter på kommunedelplan for Vikane. Planarbeid i kommunen tar lang tid, brems for utviklinga. Jobbe med desentralisering! Gjeldande samfunnsdel prioriterer ikkje heile kommunen.

2 Oppvekst- og omsorgssenter, barn og unge: Samle oppvekstsenteret i Innvik. Bygge ny barnehage her – få eit oppvekstsenter av god kvalitet. Betre kontakt mellom barnehage og skule. Betre kontakt med bebruarane på omsorgssenteret. Trygg lokalisering iht. biltrafikk. Trygg veg mellom barnehage/skule og friluftsområde. Tilknytning til fjernvarmeanlegg. Styrka fagleg miljø mellom dei tilsette i barnehage/skule. Felles administrasjon = lågare kostnad. Omsorgssenteret i Vikane med nær beliggenhet. Gjere Innnvik til et sentrum for oppvekst og omsorg – bygge meir på Innnvik som tettstaden i Vikane. Utbetre tilbodet for barn og unge. Skatepark/skisenteret, fleire møteplassar og meir tilbod for barn og unge. Terapibasseng på omsorgssenter med tilknytting til fjernvarmeanlegget

3 Arbeidsplassar, næring og turisme: Meir areal og tomter til næring! Nyte fjernvarmeanlegget betre. Attåtnæring til fruktlagret. Satse på bær og frukt. Ny veg til industriområdet i Morskogen. Nyte Gamle Innnvik Ullvare til turisme. Kulturturisme.

4 Flyktninger og integrering: Flyktningar er ikkje jamt fordelt i kommunen. Store ressursar om vi er flinke nok med integrering.

5 Frivilligkeit og dugnadsånd: Dugnadsånden i Innnvik er sterkt. God vandt med å ordne ting sjølv. Mykje arrangement som føregår, men lite/ingen tilskot. Mange ildsjeler og involverte foreldre. Mykje dugnad. Ønskjer meir midlar frå kommunen til å styrke dei tilboda som er.

3.2 Utfordringar



3.3 Moglegheiter



4.0 Olden

4.1 Hovudtrekk

1 Infrastruktur: Ikkje cruisekai nr 2 før ein har fått infrastrukturen på plass. Det manglar trygge alternativ for alle dei mjuke trafikantane i Olden – spesielt i turistsesong. Legge til rette for landbasert infrastruktur for den reiselivsindustrien vi har. Slutte med brannslukking, må få gangveg NO. Trafikkbilete i Olden er farleg, og det er eit under at det ikkje har skjedd noko gale ennå. Syklistar, gåande, tog, bussar. Kommunale vegar må oppretthaldast og prioriterast! Elbilladarar og parkering. Rassikre Oldedalsvegen. Ferge på Oldedalsvatnet?

2 Cruise og turisme: Bør Nordfjord Havn halde fram i Olden – eller bør det etablerast noko som Stryn Havn? Mangel på infoskilt til turistar Dra nytte av naturen, satse meir på guiding, og sjå meir på dei moglegheitene som finnast innanfor reiselivet. Fleire småbåthamnar og gjestebrygger. Nutte fjorden meir – masse potensiale her. Viktig med toalett og med søppelhandtering. Kan ein innføre turistskatt? Dei pengane ein tener på turismen, kan øyremerkast utvikling Olden/Oldedslen. Gangvegar mellom Loen og Olden, sentrum og Laukji og cruisekaia og sentrum. Manglar turistinformasjon.

3 Areal til bustad og næring: Må kunne skilje ut tomtar frå gardar. Det manglar næringsareal både i Olden og i Oldedalen. Mangel på bustader og næringsareal gjør det vanskeleg å utvikle seg vidare. Arbeidet med arealplan og kommuneplan går for seint. Det er mangel på tomter og på hus og leilegheiter. Kartlegge rasfare – kan noko friskmeldast? Arbeidsplassar og bustader er viktige faktorar for å fo folk til bygda! Eldrebustader. Kan Yris hotell gjerast om til leilegheiter? Regulere til bustadtomter i Olden/Oldedalen. Buplikt i kommunale byggefelt og i sentrumsnære strøk-

4 Oppvekst, eldre og møteplassar: Vi må ta vare på det vi har. Oppvekstsenter er veldig viktig. Olden bygdetun er ein fin møteplass. Det menneskelege ressursane er viktige. Det er mykje dugnadsarbeid. Viktig og bra med samlokalisert barneskule, ungdomsskule og idrettslag. Oppvekstmiljøet er veldig viktig. “Benkar” går mykje igjen, og det er tydeleg at ein ønskjer seg fleire benkar/oppholdsareal i bygda. Bygge parkområde på leirene for fastbuande (og turistar). Fleire eldrebustader (som Olden bygdetun). Bevar skuler i Olden og i Innvik.

5 Landbruk: Vi må styrke landbruket vårt som har vore forvalta i tusenvis av år. Besøksgard. Prøve å finne nisjen: lokal mat/norsk mat. Styrke landbruket

4.2 Utfordringar



4.3 Moglegheiter



5.0 Loen

5.1 Hovudtrekk

1 Bustader: Eldrebustader (i Loen sentrum), tomter, sentrumsnære tomter, tilrettelagte bustader. Eldrebustader kan spare samfunnet for mykje pengar, naboar hjelper kvarandre. Leige til eige-bustader. Risiko med å bygge fleirmannsbustader må vi tørre å ta. Prøvebuordning. Arealmangel.

2 Infrastruktur: Parkering i Loen sentrum er vanskeleg når det er mange turistar. Betre veg til Lodalen. Bru over fjorden, tunnel gjennom Utvikfjellet er like viktig som Strynefjellstunnel. Kø ved m.a. Hoven (Loen Skylift) og kø ved toalett. Fins ikkje nok toalett. Trafikksikring og gangfelt. Gangfelt mellom hotella. 50-sone gjennom Loen sentrum. Rassikring av område slik at ein kan halde fram utvikling. Lyktestolpar/belysning langs veg mot Lodalen.

3 Næring og turisme: Aktivitet avlar aktivitet. Store motorar på plass. Tøff konkurranse om små midlar, ein må samarbeide for å nå måla. Loen/Lodalen 2030 (næringsplan?). Grøne dalar. Kraft, straum og vatn – utbygging kan ikkje stoppe på grunn av desse utfordringane. Ta var på naturen samtidig som vi inviterar turistar hit. Turistskatt? Turistskatt er komplisert, og reiselivet er eit konkurranseprega marknad. Tror turistar er villige til å betale turistskatt så lenge dei veit kva dei betalar for. Heimekontor og undervisningsmoglegheiter via internett. Samarbeide godt med Nordfjordakademiet og andre aktørar. Manglar næringsareal.

4 Oppvekst, integrering og eldre: Fleire må jobbe i eldreomsorg, ein treng fleire «varme hender» her. Korleis skal vi rigge oss for eit aukande tal eldre? Må få ungdommar heim igjen, og bevare dei ungdommane vi har. Stryn VGS er viktig!!! Brukar enorme ressursar i bhg og skule på barn og foreldre som ikkje snakkar norsk. Brukar mykje tolk. Meir fokus på integrering, og på norskopplæring. Norskopplæring på arbeidsinnvandrarar. Snakke opp faget i oppvekst og helse, slik at folk ønskjer å jobbe her. Barn og unge, vi har ingen å miste. Vi treng gode råd og vi må bry oss!

5.2 Utfordringar



5.3 Moglegheiter



6.0 Oppstryn

6.1 Hovudtrekk

1 Nye Strynefjellstunnelen: Bruk av masser frå ny Strynefjellstunnel. Tilrettelegge for rask og enkel sakshandsaming. Kva skjer med noverande Strynefjellstunnelar (planar for finansiering?). Arealutnytting. Gang- og sykkelveg rundt vatnet. Kan massane brukast til rassikring/skredvollar, samt gang- og sykkelveg. Mykje folk (anleggsarbeidarar etc.) i Oppstryn ved utbyggingsperiode – korleis dra mest nytte av dette? (Mat, overnatting, tilbod). Moglegheit for næring knytt til tunnel. Nutte tunnelmassane som ressurs! Nedlagte tunnelar kan nyttast til brannøving.

2 Tomme hus, feriehus, bustadmangel, folketalsutvikling: Mykje tomme hus, og mange hus som nyttast som feriehus. Mørke hus om vinteren. Markedet for kortidsleige regjerer. Vanskeleg å få tak i tomt, bustad osv for dei som vil flytte hit. Innføre buplikt? Sjå på positive og negative sider ved buplikt. Frigjere hus slik at folk kan flytte til Oppstryn. Innføre incentivar, slik at dei som sel husa sine kan få t.d. ein eingongssum eller liknande? Folketalsutviklinga er negativ – tilgong på hus kan gjere noko med dette. Snakke opp bygda – god marknadsføring for evt. tilflyttarar. Leggje meir til rette for å ta i mot flyktningar, satse på god integrering. Nutte tomme hus (større hus) til ny bruk -> leilegheitskompleks, bufellesskap. Krevjande å finne tomter som ikkje er trua av naturfare. Der områder er friskemeldt er det tomme hus.

3 Turisme, tilbod og tilrettelegging: Mykje turistar som kjem til Oppstryn. Masse forsøpling, og därlege sanitære forhold skapar utfordringar for innbyggjarane. Må få betre infrastruktur, sette opp offentlege toalett, avfallsstasjonar, skilt, osv. Oppstryn er avhengig av turisme som næring. Oversikt over gode stoppeplassar. Ta betalt for parkering. Satse meir på naturopplevelingar (guiding, båt på vatnet osv). Masseturismen må begrensast.

4 Landbruk: Viktig! Både for turisme, sjølvberging, berekraft osv. Få til et aktivt landbrukskontor i kommunen. Pass på nedbygging av landbruksjord. Turismen er avhengig av landbruket. Landbruk er med på å halde liv i bygdene og å halde landskap i stand. Korleis halde liv i landbruket i ein utfordrande økonomisk situasjon? Parsellhage – større fokus på sjølvberging. Jordbruk er største næring og ressurs! Treng meir jordbruk, ikkje mindre. Satse meir på lokalmat og lokale råvarar i kommunen. Betre matmarked (også mot turistane)

5 Kollektivtilbod: Slik det er no kan ein ikkje bu i Oppstryn utan privatbil. Byggje ut gang- og sykkelvegar. Utbetre kollektivtilbodet. Taxiordning (t.d. heim før ein 50-lapp, skyssordning...)

6.2 Utfordringar



6.3 Moglegheiter



7.0 Nordsida

7.1 Hovudtrekk

«Desentralisert sentralisering» - Ta vare på bygdesamfunna

1 Tomter og bustader: Mange tomme hus og feriebustader. Vanskeleg for dei fastbuande å få seg bustad. Behov for fleire eldrebustader, gjennomgangsbustader. Eldretun. Det er viktig med tilgjengelege tomter og bustader for å få tilflytting. Innføre buplikt?

2 Møteplassar og bulyst: Møteplassar fremjar bulyst. Få fleire badeplassar, møteplassar. Passe på å nytte forsamlingshusa våre. Få til eit forsamlingshus som er stort nok for alle på Nordsida? Skule og barnehage som viktige møteplassar. Å auke bulysta er viktig for å få opp folketalet. Behalde Coop Fjelli – viktig møteplass for dei lokale! Og viktig for turistane.

3 Infrastruktur: Behalde dei kommunale vegane. Ruste opp vegane. Midlar frå VLK? Trygge skulevegen. Ta vare på og ruste opp skulebygget. Skulen er byggteknisk oppbrukt. Her er det for små klasserom. Busskur og gatelys. Transportordning som ikkje krev privat bil.

4 Turisme: Ikkje flinke nok til å mjølke turistane på Nordsida. Gje dei ei grunn til å stoppe her. Betre skilting, fleire stoppeplassar, betre parkering, fleire toalett, carwalks, tilrettelegging av turstiar, betre informasjon... Nordsida = Noregs svar på «Cinque Terre»? Vinterturisme og heilårsturisme. Snøsikre forhold, og gode skiløyper!

7.2 Utfordringar



7.3 Moglegheiter



8.0 Stryn

8.1 Hovudtrekk

1 Eit godt livsløp frå barndom til alderdom: Ein skal ha ein trygg oppvekst og ein trygg alderdom i kommunen. Viktig å satse på skulane – restaurere, sørge for at det er god nok plass. No er det sprengd kapasitet. Nyte Storesunde skule som avlastning. Ha gode uteområde på skulane. Behalde Stryn VGS – viktig for tilflytting og tilbakeflytting. Det er viktig at barna får ein god oppvekst i kommunen slik at det vil heim igjen/bli buande! Meir fokus på eldrevennlege samfunn. Leggje til rette for eldrebustader, klyngetur (som Olden bygdetun). Moglegheit for privat eldreomsorg? Det er viktig med sosialt samvær! Betre kollektivtilbod så ein kjem seg rundt i kommunen utan å måtte nytte bil (både for ungdom og for eldre).

2 Offentlege møteplassar og ansiktsløft av Stryn sentrum: Gjere Per Bolstad plass meir attraktiv, pynte og utforme betre. Få parkar, badeplassar i sentrum. Utvikle Petterneset til eit allment friluftsområde. Få fleire benkar, fleire plassar der ein kan møtast i sentrum. Få gangsti langs elva. Restaurere hengjebtru. Setje krav til byggeigarar vedr. vedlikehald av bygg/fasade. Kulturhuset som viktig møteplass. Mange ønskjer seg sentrumsnær badeplass! Aktivitetsparkar, skatepark, nærmiljøanlegg der ein kan drive eigen trening. Ta omsyn til den uorganiserte aktiviteten!

3 Kommunal infrastruktur: Gang- og sykkelveg – både med tanke på folkehelse og trafikktryggleik. (Sentrum-Svarstad, sentrum-Stavaneset, sentrum-Hjelle, sentrum-Storesunde). Brøyting viktig! Gratis i byggefelt, burde også vere gratis i bygdene (evt kostnad begge stadar). Panoramavegen og Lodalsvegen er dårlege. Mykje trafikk på Setrevegen. Kraftutbygging. Veg til hyttefelt (Tverrfjellet) + Tonningsetra.


4 Areal til næring og bustader: Må ha areal til utvikling – både når det gjeld bustader og når det gjel næring: handel og industri. Byggje ut/tilrettelegge dei områda som er tenkt til kommunale bustadfelt. Mangel på industriområde i sentrum. Nyte jordbruksareal til å bygge ut? Viktig å ta vare på kulturlandskapet og jordbruket. Risselflata. Nyte tunnelmasse frå Strynefjellet til å etablere areal til industri?

6 Turisme: Tilrettelegge betre for turisme. Offentlege toalett, søppelhandtering m.m. Leggje til rette for bobil og camping. Sørge for meir spreidd turisme for at det ikkje skal bli for stor belastning. Ikkje si ja til cruisekai nr 2/seie ja til cruisekai nr 2 for nokon andre kommunar gjer det. Betre infrastruktur med tanke på turistar. Turistskatt – få meir pengar til alle frå turistane. Passe på å prioritere innbyggjarane framfor turistane.

8.2 Utfordringar



8.3 Moglegheiter



9.0 Avslutning

Takk til alle dei som møtte opp på framtidsmøta! Innspela vert nytta til arbeidet med kommuneplanen sin samfunnsdel, samt anna planarbeid og liknande der ein ser at ein kan ha nytte av dei innspela som kom under medverknadsprosessen.

